

Kommunedelplan for oppvekst

2019 – 2023



OSTERØY KOMMUNE



Innleiing

Føremål med planen


Kven er planen for: dagens og framtidens born, ungdom og unge vaksne.

Kven skal lesa/nytta planen: Planen skal kunna nyttast av alle i offentleg, privat og frivillig tenesteproduksjon retta mot born og unge. I tillegg er kortversjonen av oppvekstplanen særleg retta mot ungdom og føresatte for born og unge.

Kommunedelplanen for oppvekst skal vera eit nyttig utviklings- og styringsverktøy på kort og lang sikt, og skal liggja til grunn for prioriteringar og ressursbruk retta mot born, ungdom og unge vaksne i Osterøy kommune.

Hovudmål for planen

- **Leggja til rette for at komande generasjonar kan utvikla seg til å verta born, ungdom og vaksne som meistrar nofida og framtida.**



Avgrensing

Oppvekstplanen omfattar kommunen sine tenester, i tillegg til private og frivillige institusjonar, lag og organisasjonar sitt arbeid retta mot born, ungdom og unge vaksne. Målgruppa er avgrensa til å gjelda born- og unge i alderen 0 til 25 år, då det er denne aldersgruppa kommunen har særskild ansvar for.

Kven har laga planen

Planen er i hovudsak utforma av tilsette i Osterøy kommune som arbeider med born, ungdom og unge vaksne. levråd, elevar, ungdomsrådet, idrettsrådet og ulike FAU har vorte rådspurte undervegs. I tillegg har andre fagpersonar vore med i referansegrupper.

Ei politisk arbeidsgruppe har peika på ynskt retning for arbeidet undervegs, og medverka til kvalitetsjekk og forankring av planen.


Innhald i planen

Planen er delt opp i tre dokument: hovuddel, handlingsdel og kortversjon.

Kunnskapsgrunnlaget tek for seg sju hovudtema, med tilhøyrande målsettingar og tilrådingar.

Brosjyra er ei komprimert og meir lettlest utgåve av hovuddelen.

Handlingsdelen inneheld strategiar og tiltak for korleis ein konkret skal arbeida for å imøtekoma dei utfordringane og måla som er skisserte i hovuddelen. Handlingsdelen skal evaluerast årleg.



1

Mangfald, inkludering og toleranse

Å kjenne seg som ein del av eit fellesskap er viktig for alle, men born og unge er særleg sårbare for einsemd og det å bli ståande utafor.

Mål: Born, ungdom og unge vaksne skal utøva og forstå verdien av mangfald, inkludering og toleranse. Osterøy kommune skal ha null toleranse for utestenging og mobbing.

Uffordringar og behov:

- ein del born i barnehage opplever systematisk utestenging frå leik med andre born
- 12% (2017) av ungdomsskuleelevane på Osterøy kjenner seg mobba på skulen eller på fritida.
- flest mogleg barn og unge skal få hjelp i den ordinære undervisninga. Tilrettelagt undervisning skal opplevast inkluderande
- ungdom på Osterøy er meir heime enn ungdom i landet for øvrig
- i høve fritidsaktivitetar kan kostnader, manglande tilretteleggjing for born og unge med funksjonshemming vera ekskluderande for born og unge
- manglande møteplassar for dei som ikkje går i barnehage fører til redusert inkludering for denne gruppa

Strategiar og tilrådingar:

- tilretteleggja for at alle born, ungdom og unge vaksne har vener og lærer seg sosiale dugleikar
- sikra fagleg kompetanse og gode system for inkludering av born med ulike utfordringar og hindra mobbing
- utjamna sosiale forskjellar blant born, ungdom og unge vaksne i Osterøy kommune
- driva haldningsskapande arbeid for alle som arbeider med born og unge
- ha fokus på språkopplæring, inkludering og høg kvalitet på tilpassa læring i barnehage og skule
- sikra godt samarbeid mellom ulike einingar og institusjonar i kommunen
- leggja til rette for fritidstilbod som er allsidige og tilgjengelege for alle

2

Relasjonar

Gode og trygge relasjonar er avgjerande for born og unge si utvikling og livskvalitet.

Mål: Born, ungdom og unge vaksne i Osterøy kommune skal oppleva å ha gode relasjonar til andre born og vaksne i heimen, barnehagen, på skulen og på fritida. Med opplever meiner me frå barnet sitt utgangspunkt.

Uffordringar og behov:

- ikkje alle føresette klarer å gje det einskilde born den omsorg det har behov for
- ein del born og unge har ikkje gode vaksenmodellar som gjev dei tilstrekkeleg sosial støtte
- nokre born opplever redusert omsorg i løpet av oppveksten grunna endring i familiesituasjon
- det er behov for å sikra tilstrekkeleg relasjonskompetanse i barnehage og skule
- det er behov for å skapa tryggleik for born og unge i ulike overgangar, f.eks. barnhage - skule
- fleire kjenner på einsemd og utover i ungdomsskuleåra seier fleire jenter at dei ikkje har ein ven dei kan stole på

Strategiar og tilrådingar:

- tilretteleggja for at alle born, ungdom og unge vaksne har gode relasjonar til fleire personar rundt seg
- barnehagar og skular må arbeida for å sikra gode relasjonar både mellom vaksne - born og born - born
- helsestasjon/skulehelseteneste bør ha fokus på relasjonar i alle treff med barn og familiar
- kommunen bør ha eit tilbod til føresette som opplever vanskar med omsorg for egne born
- sikra gode overgangar frå barnehagestart til vidaregåande skule
- regelmessig kompetanseheving i høve relasjonar for føresette og vaksne som arbeider med born og unge i heile kommunesamfunnet
- fokus på relasjonskompetanse også blant frivillige organisasjonar som jobbar med barn

3

Psykisk og fysisk helse

God psykisk og fysisk helse er viktig for born og unge sin livskvalitet og for å meistre ulike fasar i livsløpet.

Mål: Leggja til rette for utvikling av god psykisk og fysisk helse hjå alle born og unge i Osterøy kommune.

Psykisk helse

Uffordringar:

Det er eit aukande tal born og unge som rapporterer om psykiske vanskar i Osterøy kommune.

Årsakar:

- fattigdom
- høg-konfliktfamiliar
- vald/sekssuelle overgrep
- utfordringar i skule knytt til læringsmiljø eller læring
- mobbing
- rus



Strategiar og tiltak:

- tiltak som retter seg mot alle born, ungdom og unge vaksne, eksempelvis innan områder som normalitet, stress og kroppspress
- sikra tidleg innsats, både i livsløp og sykdomsforløp for å kunna betra folkehelsa
- tilby opne, inkluderande hjelpetenestar nær der born og unge lever sine liv. Tilboda må rette seg mot begge kjønn og ulike brukargrupper
- auka tilgjenge på hjelpetilbod
- kompetanse på å fanga opp og hjelpa born, ungdom og unge vaksne med hjelpebehov
- førebygging av usunne rusvanar bør halda fram i tråd med nasjonale tilrådingar

Fysisk helse

Utfordringar og behov:

- overvekt blant born og unge
- aukande tal born og unge med astma- og allergiplager
- for lågt inntak av D-vitamin, frukt og grønt
- ungdom er for lite fysisk aktive
- manglande kunnskap om seksuelle helse

Strategiar og tiltak:

- undervisning om livstilsjukdomar og mogelegheit for fysisk aktivitet i barnehage og skule.
- etablera møteplassar for ungdom der dei kan driva uorganisert fysisk aktivitet
- styrka samarbeid mellom idrettslag og skule
- tilretteleggjing av gang og sykkelstiar, turløyper ol.
- følgje nasjonale anbefalingar for førebygging av usunne rusvaner
- tilby undervisning/retteleiing om seksuell helse



4

Læring

Læring er ein livslang prosess gjennom leik, fritid, barnehage, skule og arbeid. For å meistre eit samfunn i endring med stor informasjonsflyt er det viktig at born og unge får sosial læring, tryggleik, evne og vilje til endring, kreativitet og kritisk sans.

Mål: Osterøy kommune skal medverka til at born, ungdom og unge vaksne på Osterøy utviklar relevant kunnskap, dugleik, haldningar og evne til omstilling for å leva eit godt liv som individ og medborgar.

Utfordringar og behov:

Barnehage

- ikkje alle born opplever eit trygt og inkluderande omsorgs- og læringsmiljø
- det er variasjonar i kvaliteten på det allmennpedagogiske tilbodet
- fleire born med behov for særleg støtte og tilrettelegging får ikkje eit godt nok tilbod
- overgangen mellom barnehage og skule kan bli betre
- mange born manglar tilstrekkeleg norsk-språkleg kompetanse ved skulestart
- på Osterøy går betydeleg færre av borna i barnehage enn i resten av landet



Skule

- skulen skal endrast frå å vera ein stad for overføring av kunnskap til ein stad barn og unge utviklar evner og kompetansar som kan omsetjast i det verkelege liv
- mange born les og skriv for dårleg. Resultat frå nasjonale prøver i Osterøy kommune er noko lågt i høve til landsgjennomsnittet, med stor skilnad mellom skulane
- elevane si faglege og sosiale utvikling er avhengig av at skulane har eit godt læringsmiljø
- å utvikla skulen til ein lærande organisasjon er viktig og det krev god pedagogisk leiing
- auka kvaliteten i den ordinære opplæringa for å redusera behovet for spesialundervisning

Strategiar og tilrådingar:

- sikra at skulane har kompetanse og kapasitet til å skapa ny undervisningspraksis med fokus på å levera framtidretta læring
- sikra gode overgangar frå barnehagestart til vidaregåande skule
- sikra iverksetjing av aktuelle planer og metodar i barnehagane
- arbeida for at fleire elevar oppnår eit høgare meistringsnivå i lesing
- sikra sårbare born eit kompetent støtteapparat i barnehage og skule
- arbeida for ei felles forståing av sentrale omgrep som *tidleg innsats*, *inkludering* og *utbytte av opplæringa*



5

Fysisk oppvekstmiljø

Den fysiske utforminga av bu- og nærmiljø, samt tilgjengeleg natur og friluftsliv, har stor betydning for born, unge og unge vaksne si fysiske og psykiske helse. Ulike arenaer for fysisk aktivitet representerer viktige sosiale møteplasser og har betydning for leik, fellesskap og tilhørse.

Mål: Osterøy kommune skal ha eit fysisk oppvekstmiljø som er trygt for born, ungdom og unge vaksne og som legg til rette for betre fysisk helse, aktivitet, sosial samhandling og inkludering.

Utfordringar og behov:

- store avstandar mellom bygdene, og avgrensa kollektivtilbod
- fleire vegstrekk er definerte som farlege skulevegar
- varierende eller mangelfulle kvalitetar på uteområde i bustadfelt
- manglande universell utforming og varierende bygningsmessig kvalitet i offentlege bygg
- behov for gode møtestadar for ungdom utanfor heimen
- varierende kvalitet på friluftsområda, og behov for betre tilrettelegging og betre organisering kring vedlikehaldet av desse

Strategiar og tilrådingar:

- prioritera mjuke trafikantar og få på plass helsefremjande transportløysingar
- arbeida for eit effektivt kollektivtilbod i kommunen
- arbeida for å ha sikre vegar for born og unge på Osterøy
- skapa gode møte- og leikeplassar
- leggja til rette for ein opphaldsstad for ungdom med organisert og uorganisert aktivitet
- sikra tilgjengeleg natur og tilrettelagde friluftsområde
- ta særlege omsyn til sårbare grupper



6

Kultur og fritid

Deltaking i kultur- og fritidsaktivitetar spelar ei viktig rolle i oppveksten. Det frivillige organisasjonslivet på Osterøy medverkar med eit mangfald av fritidstilbod for born og unge. Det er viktig å skape gode arenaer for både organisert og uorganisert aktivitet. Dette omfattar og born og unge sin kommunikasjon på digitale plattformer.

Mål: Born, ungdom og unge vaksne skal ha eit variert, tilpassa og tilgjengeleg kultur- og fritidstilbod.



Utfordringar og behov:

- det er nedgang i deltaking i frivillige organisasjonar
- Osterøy kommune er blant dei kommunane i landet som brukar minst offentlege ressursar på kultur
- kultur fremstår ikkje som eit eige tenesteområde i den kommunale forvaltninga
- stort behov for å etablera ei kommunal storstove for kultur- og fritidsarrangement
- Osterøy kommune har få tilrettelagde, uorganiserte møteplassar og fritidstilbod for unge
- det er fleire born og unge som ikkje deltek i kultur- og fritidsaktivitetar, og bornefattigdom er ein av hovudgrunnane til at fleire unge ikkje deltek
- organisasjonane på Osterøy treng ei felles, digital plattform for å kommunisera ut tilboda
- bruken av sosiale media påverkar korleis born og ungdom har kontakt med kvarandre, både positivt og negativt.



Strategiar og tilrådingar:

- kultur- og fritidstilbod må vere tilgjengelege for alle; arbeida mot eit inkluderande og mangfaldig Osterøysamfunn
- unge vaksne som slit med å fullføra utdanning/ komma seg i jobb, bør få eit kulturtilbod som engasjerer og inkluderer
- eit kommunalt kulturbygg bør etablerast i tilknytning til ein idrettshall eller ein symjehall
- ungdom på Osterøy har ynskje om ein FYSAK-hall (allaktivitetshall) der dei kan vera fysisk aktive utan å melda seg inn i organisasjonslivet
- Osterøy kommune må utvikla og praktisera ein strategi som vidareutviklar og ivaretek tilboda i frivillig sektor
- starta eit kulturråd som kan vera kommunen sin samarbeidspartnar og høyringsinstans innafor kulturfeltet
- tilbod i nærmiljøet til born er viktig for deltakinga i aktivitetar for denne aldersgruppa
- kulturskulen må få ei meir aktiv rolle for å sikra born og unge ei god psykisk helse
- biblioteket bør få ei meir sentral rolle for å stimulera til lesing i barnehagar og skular



7

Samfunnsengasjement og påverknad

Eit demokratisk samfunn kviler på at alle har like rettar og høve til å delta i avgjerdsprosessar. For born og unge er dette først og fremst knytta til staden dei bur, skulen og der dei oppheld seg på fritida.


Mål: Å leggja til rette for at alle born, ungdom og unge vaksne kan medverka til å utvikla lokalsamfunnet, og ta born sin involvering, medverknad og deira engasjement på alvor, og gje dei faktisk påverknad i avgjerdsprosessar som vedkjem dei.


Uffordringar og behov:


- born og ungdom har behov for tilrettelagde arenaer for å nå fram med si stemme
- utvikla strategiar og rutinar for å sikra at born og unge får høve til å meina noko i saker som vedkjem dei
- det er behov for å sikra kontinuitet og utvikling på dei områda som inst for medverknad, engasjement og påverknad for born og unge


Strategiar og tilrådingar:

- ta born og unge si stemme på alvor ved å gje dei moglegheit til å fremje saker som er viktige for dei
- leggja til rette for eit velfungerande elevdemokrati gjennom arenaer som elevråd og ungdomsråd i kommunen
- oppretta samarbeid mellom elevråda på skulane og ungdomsrådet for å sikra god informasjonsflyt og opplæring i demokrati









Illustrasjonar av: **Aleksandra Wilk**